



Notat

Til: Vatn og avløp

Kopi til:

Saksbehandlar: Byggesaksavdelinga/Siril Therese Sylta

Vår referanse: 17/2947 - 5 / Gbnr - 116/62, HistSak - 09/1997

Dato: 07.12.2017

Emne: Uttale til VA rammeplan for reguleringsplan for Skinstø - 116/62 m fl.

Viser til innsendt rammeplan for VA for reguleringsplanen for Skinstø. Planen er oversendt byggesaksavdelinga som er forureiningsmynde etter forureiningsforskrifta kap. 13.

Det går fram av det innsendte materialet at det skal etablerast minireinseanlegg frå bustadfeltet med utslepp til infiltrasjonsgrøft og vidare i grunnen på gbnr 116/8.

Den løysinga som er vist er normalt ikkje ei løysing som Lindås kommune vil akseptere som utsleppsløysing.

Vi vil her tilrå at det vert etablert ein slamavskiljar med utslepp til sjø. Utsleppsleidningen må først tilstrekkeleg langt nok ut i sjø, slik at endeleg utsleppsstad er der det er gode resipientforhold som kan ta i mot avløpsvatnet.

Dersom de likvel ønkjer å søka om minireinseanlegg må avløpsvatnet først ut i sjø. Skal avløpsvatn først til stadeigne massar, må det saman med søknaden leggest ved dokumentasjon som viser at det er eigna massar på staden som kan ta i mot avløpsvatnet.

Det avløpsanlegget som skal etablerast bør vera dimensjonert for å kunne ta i mot avløpsvatn frå det samla tal pe som reguleringsplanen opnar for.

Siril Sylta
Avd.leiar byggesak

